

Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Kostradokument nr. 11

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet**

**Næringsstøtte
og
kommunal forretningsdrift**

Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T-09	Inntekt 1T-09	Fond 1T-09	Netto utg 1T- 09
32010	Heimfallsinntekter	-4 076	-4 075	125	-4 325	0	-4 200
32020	Konsesjonskraft	-6 162	-12 702	0	-13 500	0	-13 500
32030	Kommunale føretak	-12 602	843	353	-69	60	344
32040	Alarmsentral	-298	-224	56	-272	0	-216
320	Kommunal næringsverksemd	-23 138	-16 158	534	-18 166	60	-17 572
32530	Skogkultur	72	0	33	-1	0	32
32540	Faste næringsstilskot	857	2 017	630	0	0	630
32541	Andre næringsstilskot	-1 483	-24	959	-75	-300	584
32550	Drift av næringsavdeling	178	657	1 003	-171	0	833
32551	Næringsprosjekter	131	1 224	9 734	-8 275	-567	893
32560	Konsesjonsavgift	-7	-13	0	-3 200	3 200	0
32590	Tilrettelegging og opparbeidelse av industrifelt	86	135	12	0	0	12
325	Tilrettelegging og stønad for næringslivet	757	3 995	12 371	-11 721	2 333	2 983
		0	0			0	
32900	Veterinærvakt	0	47	674	-674	0	0
32910	Landbrukskontoet	0	1 124	881	-55	0	827
32920	Landbruksvikar	0	102	0	0	0	0
32930	Skogkultur	0	898	17	-47	0	-30
329	Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	0	2 171	1 572	-776	0	797
		0	0			0	
36000	Utmark og reiseliv	244	430	134	-21	0	113
36010	Naturforvaltning	-6	0	0	0	0	0
36020	Viltforvaltning	114	340	281	-75	22	229
36030	Drift og tilsyn av friluftsområder	117	125	196	-4	0	192
36032	Vedlikehald av friluftsområder	51	10	1 005	-18	-900	87
36033	Nybygg og utvikling av friluftsområder	26	17	18	-200	200	18
36035	Reinhald av friluftsområder	63	19	0	0	0	0
360	Naturforvaltning og friluftsliv	609	941	1 634	-317	-678	639
		0	0			0	
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift		-21 772	-9 051	16 112	-30 980	1 715	-13 153

Dette rammeområdet gjeld næringsdelen i Kvam herad, og inntekter knytt til kraftproduksjon i heradet.

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 16,1 mill. kr., ei samla inntekt på 31,0 mill. kr. og bruk og avsetning til fond med 1,7 mill. kr. Netto *inntektsramme* vert dermed 13,2 mill. kr.

Kostra -2008

Næring og jordbruk - nivå 2	1238 Kvam	Gj.snitt t gr 11	Gj.snitt landet
Prioritering			
Netto driftsutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. i kroner	226	82	211
Netto driftsutg. til kommunal næringsvirksomhet pr. innb. i kroner	-1 912	-294	-314
Netto driftsutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. i kroner	260	75	139

Kommentar:

KOSTRA-tala for landbruksforvaltning er om lag kr. 100.- for høge pga. ei feilføring på skogkultur i 2008. Det rette KOSTRA-talet er difor ca. kr. 160.- for Kvam.

Oversikt over rammeområdet Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Dette rammeområdet har 4 funksjonar og 24 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 320 Kommunal næringsverksemd
- 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet
- 329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling
- 360 Naturforvaltning og friluftsliv

Funksjon 320 Kommunal næringsverksemd

Funksjonen har 4 tenester;

- 32010 Heimfallsinntekter
- 32020 Konesjonskraft
- 32030 Kommunale føretak
- 32040 Alarmsentral.

Teneste 32010 Heimfallsinntekter

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Varer og tenester til eigenproduksjon		42	100		136,9 %
Overføringer til andre		10	25		143,4 %
Sum utgifter		52	125		138,2 %
Overføringer med krav til motytelse		-10	-25		143,4 %
Overføringer uten krav til motytelse	-4 076	-4 118	-4 300	1,0 %	4,4 %
Sum inntekter	-4 076	-4 128	-4 325	1,3 %	4,8 %
Netto utgiftsramme	-4 076	-4 075	-4 200	0,0 %	3,1 %
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %		

Dette gjeld inntekt frå Heimfallsavtalen (4,2 mill kr) som heradet i dag har med Statkraft SF.

2. Aktivitet

Heimfallsinstituttet

18. september 2009 var det 100 år sidan dei *castbergske* konsesjonslovene vart vedtekne. Det er Johan Castberg som har fått mykje av æra for at vi har hatt politisk styring med utbygging av kraftressursane i Norge. Lovene har sikra nasjonalt eigarskap til våre naturressursar.

Konsesjonslovene var eit av dei store stridstema kort etter at Norge skilte lag med Sverige i 1905. Politikarane hadde åra i førevegen sett at utanlandske interesser var i ferd med å sikra seg ein stor del av dei norske fossefalla. Dette førte til vedtak av forlauparen til konsesjonslovene, kalla «panikklovene», i 1906.

Her ble prinsippet om konsesjon slege fast:

Ingen selskap skulle få kjøpa norske fossefall utan løyve frå regjeringa.

Etter ein ny utgeing og debatt, var konsesjonslovene vedtekne i Stortinget i september 1909. Nå var krava til konsesjon stramma inn, og det viktige prinsippet om heimfallsrett kom med. Heimfallsretten slo at kraftressursane skulle tilfalla staten vederlagsfritt etter 60 år.

Staten har også nytta konsesjonslovene, og etter kvart heimfallsordninga, til å aktivt byggja opp under den kraftkrevjande industrien. Gjennom det som er blitt kalla «føregripe heimfall», har staten teke over kraftverk før konsesjonsperioden var ute, for så å leiga dei ut til storindustrien.

Det var ordninga med føregripe heimfall som utløyste striden om konsesjonslovene i forhold til EØS-avtalen. EFTAs overvakingsorgan ESA meinte i 2001 at heimfallsretten var i strid med EØS-avtalen fordi den skilte mellom kraftverk i offentleg og privat eige. Regjeringa løyste dette i 2008 med å sidestilla offentlig og privat eigde kraftverk. No er det berre offentlege institusjonar og organ som kan kjøpa større verk i Noreg.

Nokre kommunar er omfatta av ordninga på den måten at dei etter lova skal ha ein del av utbytte frå visse kraftverk. Det gjeld kraftverk i Sauda, Kvam, Odda, Ullensvang, Høyanger, Leikanger og Bremanger. For Bjølvo er heile anlegget heimfalle til staten og det er i dag Statkraft SF som eig og driv anlegget. Kvam herad har ein avtale med Statkraft SF om utbytte. Avtalen gjeld fram til 31.12.2010 og årleg utbytte er ca. 4,0 mill kr.

3. Endring av aktivitetar

Dei kommunane som er omfatta av avtalen, har starta forhandlingane om ein ny avtale som skal gjelda frå 01.01.2011. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Sauda, Odda, Kvam og Høyanger og sekretariat er LVK ved adv. firma Lund & Co.

Det er planlagt eit eige formannskapsmøte om status for forhandlingane i løpet av hausten 2009. Då er det planen at LVK ved adv. firma Lund & Co vil gje ei brei orientering om saka. Framlegg til ny avtale skal etter planen leggjast fram for Kvam heradstyre i løpet av 2010.

Teneste 32020 Konesjonskraft

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	9 7				
Varer og tenester til egenproduksjon		103			-100, %
Overføringer til andre		26			-100, %
Finansutgifter	27	27		1,6 %	
Sum utgifter	36	156		332,9 %	-100, %
Salsinntekter		-667			-100, %
Overføringer med krav til motytelse	-27	-53			-100, %
Overføringer uten krav til motytelse	-6 171	-11 895	-13 500	92,8 %	13,5 %
Finansinntekter		-243			-100, %
Sum inntekter	-6 198	-12 858	-13 500	107,4 %	5, %
Netto utgiftsramme	-6 162	-12 702	-13 500	106,1 %	6,3 %

2. Aktivitet

Denne tenesta gjeld sal av konesjonskraft.

Konesjonskraft er kraft som vert stilt til disposisjon for kommunen og som er kommunen sin eigedom. Normalt skal kommunen ha 10 % av den produserte krafta. Dette vert fastlagt i samband med at det vert gjeve konesjon for kvart kraftverk (gjeld ikkje elvekraftverk). Kvam herad disponerer i dag ca 61 GWh/år av dette vert ca 12 GWh/år nytta til heradet sine egne bygg, resten vert selt.

Kvam herad sel i dag all si konesjonskraft gjennom Kvam kraftverk AS. Det vert gjort eige vedtak i Kvam heradsstyre om strategi for sal av konesjonskraft. Sist gong 6. mars 2007 (HST - sak 016/07).

3. Endring av aktivitetar

I alle år etter at Kvam herad starta å ta ut konesjonskraft, har heradet selt krafta gjennom Kvam Kraftverk AS. I løpet av 2010 må Kvam herad leggja sal av kraft ut på anbod.

Teneste 32030 Kommunale foretak

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	696	417	334	-40, %	-19,9 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>522</i>	<i>291</i>	<i>246</i>	<i>-44,2 %</i>	<i>-15,6 %</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	82	56	15	-32,5 %	-72,8 %
Overføringer til andre	15	378	4	2347,4 %	-99,1 %
Sum utgifter	793	851	353	7,2 %	-58,5 %
Salsinntekter	-1	-1			-100, %
Overføringer med krav til motytelse	-18	-7	-9	-62,2 %	25,9 %
Finansinntekter	-13 376			-100, %	
Sum inntekter	-13 395	-8	-9	-99,9 %	9,8 %
Netto utgiftsramme	-12 602	843	344	-106,7 %	-59,2 %
Sum løn i høve sum utgifter	87,7 %	49, %	94,7 %		

2. Aktivitet

Denne tenesta gjaldt tidlegare utbytte frå Kvam Kraftverk AS. Dei er flytta til teneste 87000 Renter, utbyte og lån. Resten av kostnadene gjeld løn.

3. Endring av aktivitetar

I løpet av 2009 vert lønskostnadene reduserte.

Teneste 32040 Alarmsentral

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	14 5		
Varer og tenester til egenproduksjon	17		45
Overføringer til andre	4		11
Sum utgifter	35		56
Salsinntekter	-244	-224	-261
Overføringer med krav til motytelse	-4		-11
Finansinntekter	-85		
Sum inntekter	-333	-224	-272
Netto utgiftsramme	-298	-224	-216
Sum løn i høve sum utgifter	41,0 %		

2. Aktivitet

Dette gjeld sal av tenester knytt til mottak av tryggleiksalarmer.

Det er om lag 130 tryggleiksalarmer, om lag 10 personar står på venteliste.

3. Endring av aktivitetar

I dag er alarmane basert analoge teknologi. Etter kvart som brukarane får digitale telefonar i heimane sine, må alarmapparata skiftast ut. Samla kostnad for full utskifting vil vera i underkant av 0,5 mill kr.

Funksjon 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet

Funksjonen har 7 tenester;

32530 Skogkultur (flytta til 32930)

32540 Faste næringstilskot

32541 Andre næringstilskot

32550 Drift av næringsavdeling

32551 Næringsprosjekt

32560 Konesjonsavgift

32590 Tilrettelegging og opparbeiding av industrifelt.

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 780	871	1 349	-51,0 %	54,8 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 351</i>	<i>637</i>	<i>1 006</i>	<i>-52,9 %</i>	<i>58,0 %</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 686	1 848	859	9,6 %	-53,5 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon		43			-100,0 %
Overføringar til andre	5 177	6 706	10 163	29,5 %	51,6 %
Finansutgifter	4 128	3 550	3 200	-14,0 %	-9,9 %
Sum utgifter	12 772	13 018	15 571	1,9 %	19,6 %
Salsinntekter	-381	-21	-150	-94,5 %	612,3 %
Overføringer med krav til motytelse	-2 575	-4 065	-5 121	57,8 %	26,0 %
Overføringer uten krav til motytelse	-3 398	-3 500	-6 450	3,0 %	84,3 %
Finansinntekter	-5 661	-1 437	-867	-74,6 %	-39,7 %
Sum inntekter	-12 015	-9 023	-12 588	-24,9 %	39,5 %
Netto utgiftsramme	757	3 995	2 983	427,7 %	-25,3 %
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	6,7 %	8,7 %		

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 4,0 mill. kr. Samanlikna med 2007 er dette ein auke på 3,2 mill. kr., eller over 400%. Svingingane skuldast m.a. årlege variasjonar i prosjekt td. Ålvik Vekst.

Budsjettet for 2009 viser brutto utgifter på 15,6 mill. kr. og inntekter på 12,6 mill. kr. Netto utgiftsramme er på 3,0 mill. kr., ein nedgong frå 2008 på 25,3%.

Næringsaktivitet*.

*Merknad.

I teksten under har vi valt å sjå tenestene 32540 Faste næringstilskot, 32541 Andre næringstilskot og 32551 Næringsprosjekt under eitt, fordi dei i budsjett og rekneskap går om ein annan.

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)		9	400		4282,1 %
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 241	1 497	776	20,6 %	-48,2 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon		43			-100,0 %
Overføringar til andre	4 934	6 668	10 147	35,2 %	52,2 %
Finansutgifter	554	50		-91,0 %	-100,0 %
Sum utgifter	6 729	8 267	11 323	22,9 %	37,0 %
Overføringer med krav til motytelse	-2 395	-4 014	-5 100	67,6 %	27,1 %
Overføringer uten krav til motytelse	102		-3 250	-100,0 %	
Finansinntekter	-4 932	-1 037	-867	-79,0 %	-16,4 %
Sum inntekter	-7 224	-5 050	-9 217	-30,1 %	82,5 %
Netto utgiftsramme	-496	3 217	2 107	-749,2 %	-34,5 %
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,1 %	3,5 %		

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 3,2 mill. kr. Samanlikna med 2007 er dette ein auke på 4,2 mill. kr. Grunnen til auken er bortfall av finansiering og auka driftskostnader.

Budsjettet for 2009 viser brutto utgifter på 11,3 mill. kr. og inntekter på 9,2 mill. kr. Netto utgiftsramme er på 2,1 mill kr, ein reduksjon frå 2008 på 34,5%.

Lønn er auka i samband med at det er oppretta ein stilling knytt til Ålvik Vekst KF.

Resten av den økonomiske oversynet er knytt til tabellane under.

2. Aktivitet

Dei faste næringstilskota har vore rundt 2 millionar dei siste åra. Ved budsjettarbeidet for 2009 vart desse kraftig redusert. Det same vart posten for andre tilskot som vart teken bort. Til saman vart budsjettet redusert med over 1 million. Seinare har heradsstyret teke inn igjen tilskotet til Harding Puls. Tilskota til Reisemål Hardangerfjord vert regulert med konsumprisindeksen og Hardangerrådet har vedteke ein auke i kontingenten på 10 % for 2010

Dei store postane elles i oversikta gjeld Ålvik Vekst sin aktivitet, Småsamfunnsprosjektet i Ålvik, tilskotet frå Norsk Kulturråd til Messen og tilskotet frå Hordaland fylkeskommune til Reiselivsutvikling i Fykkesundet.

I budsjettet for 2009 vart posten til andre næringstiltak strøken. Det er likevel alltid nokre prosjekt og tiltak kommunen må/bør delta i.

Det vil og vera tiltak som vert utlyste gjennom året og som kommunen bør søkja på. Desse har ofte krav til eigendel og desse må i tilfelle leggjast fram for politisk handsaming kvar gong.

Prosjekt.

Fylgjande prosjekt er aktive i perioden 2007-2009

Prosjekt	Prosjekt (T)	Rek-2007	Rek-2008	Bud-2009	Totalt
P11010	Næringsutvikling i Ålvik	10 000	216 340		226 340
P15030	Nasjonal Turistveg Hardanger	64 923			64 923
P15055	Småskala næringsutvikling	49 976			49 976
P15064	Ungt entreprenørskap	267 259			267 259
P15065	Næringshage	50 000			50 000
P15081	Økoløft		2 000	1 066 667	1 068 667
P62061	Bryggja og sanitæranlegg i Botnen	4 195			4 195
Totalt		446 353	218 340	1 066 667	1 731 360

Merknad: Alle prosjekta i 2009 har eigen finansiering.

Diverse

Fylgjande spesielle aktivitetar, i tillegg til prosjekt, er aktive i 2007-2009

Diverse	Diverse (T)	Rek-2007	Rek-2008	Bud-2009	Totalt
K101	Nærings- og kulturutveksling Litauen	27 744			27 744
K108	Kvammalokk	22 500	13 196		35 696
K109	Kulturbasert næring	305 000	93 800	375 000	773 800
K113	Hardangerlokk (HST-083/08)			250 000	250 000
N001	Reisemål Hardangerfjord AS	369 562	562 656	370 000	1 302 218
N002	Hardangerrådet	208 780	208 780	420 000	837 560
N003	Hardanger Fartøyvernseier	480 000	480 000	480 000	1 440 000
N006	Lokalt reiseliv (koordinator)	180 000	180 000	180 000	540 000
N007	Ytre Hardanger Opplæring	100 000	150 000		250 000
N008	Harding Puls	80 000	80 000		160 000
N010	Hardangervegen AS	117 000	120 000		237 000
N011	Skyssbåt Botnen	35 323	36 856	34 000	106 179
N012	Nytt Ungdomsprosjekt Kvam	60 000	60 000		120 000
N013	Kvam næringsråd	50 000			50 000
N016	Veg til fjells	59 055	93 990		153 045
N017	Trallebane		418 813		418 813
N018	Ålvik Vekst KF			6 000 000	6 000 000
N019	Småsamfunnssatsing Ålvik			2 000 000	2 000 000
N021	Internasjonalt arbeid			125 000	125 000
Totalt		2 094 964	2 498 091	10 234 000	14 827 055

Merknad: Av dei samla utgiftene til spesielle aktivitetar (Diverse) er det 2,8 mill kr som ikkje har særskild finansiering mot 1,6 mill kr. i 2008 og 1,8 mill kr i 2007.

3. Endring av aktiviteter

For 2010 vert det budsjettert med kr. 200 000.- til diverse tiltak som Flytt til Hardanger, ulike spleiselag og ting som kjem opp gjennom året.

I 2010 vil arbeidet i dei ulike prosjekta verta vidareført. Det er lagt inn kr. 1 000 000.- i tilskot til Ålvik Vekst for 2010.

Nr.	Tiltak	B - 2009	B - 2010
N001	Reisemål Hardangerfjord	197 867,00	405 000,00
N002	Hardangerrådet	417 560,00	459 316,00
N003	Hardanger Fartyvernsenter	480 000,00	480 000,00
N006	Lokalt reiseliv	180 000,00	180 000,00
N008	Harding Puls	80 000,00	80 000,00
N011	Skyssbåt Botnen	37 000,00	40 000,00
	Faste tilskot totalt:	1 392 427,00	1 664 316,00

Teneste 32550 Drift av næringsavdeling

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	525	862	916	64,1 %	6,3 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	397	637	682	60,3 %	7,1 %
Varer og tenester til eigenproduksjon	178	216	71	21,0 %	-67,4 %
Overføringar til andre	12	16	16	32,2 %	1,5 %
Finansutgifter	0	0	0		
Sum utgifter	716	1 094	1 003	52,8 %	-8,3 %
Salsinntekter	0	-8	-150	#DIV/0!	1862,1 %
Overføringer med krav til motytelse	-12	-30	-21	146,7 %	-31,2 %
Finansinntekter	-526	-400	0	-24,0 %	-100,0 %
Sum inntekter	-538	-438	-171	-18,7 %	-61,0 %
Netto utgiftsramme	178	657	833	269,4 %	26,8 %
Sum løn i høve sum utgifter	73,4 %	78,8 %	91,3 %		

Rekneskapan for 2008 viser ei netto utgift på 0,7 mill. kr. Samanlikna med 2007 er dette ein auke på 0,5 mill. kr., eller over 200%. Grunnen til auken er nye deltidsstillingar.

Budsjettet for 2009 viser brutto utgifter på 1,0 mill. kr. og inntekter på 0,2 mill. kr. Netto utgiftsramme er på 0,4 mill. kr., ein auke frå 2007 på 26,8%. I realiteten er det ein nedgang i kostnadene, men dette vert meir enn oppheva av bortfall av finansiering (tidlegare brukte ein fond).

2. Aktivitet

Næringsavdelinga har hatt det kommunale ansvaret for ei rekkje arbeidsområde som *Flytt til Hardanger*, *Turistveg Hardanger*, *Kompensasjonsmidlar* for redusert arbeidsgjevaravgift, ledige skulebygg, Skule – næringsliv, etablerartreff, kontakt med næringslivet og *Kvam næringsråd*, *Ålvik Vekst*, *Reisemål Hardangerfjord mm*.

Drifta av næringsavdelinga vart tidlegare finansiert ved bruk av næringsfondet. Ved forvaltningsrevisjonen i 2008 vart dette kritisert og drifta vert no dekkja over det vanlege budsjettet. Næringsfondet vert då tappa tilsvarende mindre. Kvam herad har leigt ut prosjektmedarbeidar til Ålvik Vekst, fyrst Reidun Braut Kjosås og no Øystein Aadland.

3. Endring av aktivitetar

For 2010 vert det budsjettert med nærings sjef og utleige av prosjektmedarbeidar til Ålvik Vekst.

Teneste 32560 Konesjonsavgift

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Finansutgifter	3 500	3 500	3 200
Sum utgifter	3 500	3 500	3 200
Salsinntekter	-7	-13	0
Overføringer med krav til motytelse	0	0	0
Overføringer uten krav til motytelse	-3 500	-3 500	-3 200
Sum inntekter	-3 506	-3 513	-3 200
Netto utgiftsramme	-7	-13	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

2. Aktivitet

Ved alle konsesjonar for å erverva fallrettar eller regulering av vassdrag blir konsesjonæren pålagt å betale kommunane som vert råka, konsesjonsavgifter. Konsesjonsavgiftene er dels tenkt å vera ein del av verdiskapinga til det distriktet det gjeld og dels ein kompensasjon for generelle skadar og ulemper som ikkje vert erstatta på annan måte.

Konsesjonsavgiftene kan ein i dag likestillt med miljøavgift på andre samfunnssektorar. Medan miljøulempene ved andre energikjelder er av global karakter – for eksempel CO₂-utslepp, – er miljøulempene ved vasskraftutbygging av lokal karakter.

Konsesjonsavgiftene blir fastsett som ein fast sum pr. naturhestekraft og indeksregulert automatisk kvart 5. år. Avgiftene går inn i eit fond med vedtekter godkjent av fylkesmannen, og avkastning av fondet kan brukast til å hjelpa fram næringslivet i kommunen.

Konsesjonsavgiftene til kommunane utgjer samla ca 3,5 mill kroner årleg.

3. Endring av aktivitetar

Det skjer berre mindre endringar av summe frå år til år.

Teneste 32590 Tilrettelegging og opparbeiding av industrifelt

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Varer og tenester til egenproduksjon	86	135	12	56,3 %	-91,1 %
Overføringer til andre	19	22	0	14,7 %	-100,0 %
Finansutgifter	0	0	0		
Sum utgifter	105	156	12	48,8 %	-92,3 %
Overføringer med krav til motytelse	-19	-22	0	14,7 %	-100,0 %
Sum inntekter	-19	-22	0	14,7 %	-100,0 %
Netto utgiftsramme	86	135	12	56,3 %	-91,1 %

2. Aktivitet

Næringsområdet *Sandvenhagen – Mo* er ferdig regulert og det pågår arbeid med grunninnløsning. Vidare er det prioritert kompensasjonsmidlar til ny rundkøyring mot riksveg 7. Det bør budsjetterast midlar til opparbeiding av nytt næringsareal.

3. Endring av aktivitetar

For 2010 bør det setjast av midlar til grunnkjøp og start av opparbeiding av næringsområdet. Kompensasjonsmidlar kan nyttast til ny rundkøyring inn i feltet.

Funksjon 329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling

Funksjonen har 4 (5) tenester;

- 32900 Veterinærvakt
- 32910 Landbrukskontoret
- 32920 Landbruksvikar
- 32930 Skogkultur
- 32935 Skogsvegar

Teneste 32900 Veterinærvakt

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Tenester som erstattar eigenproduksjon		746	674
Overføringar til andre		4	0
Sum utgifter		750	674
Overføringer med krav til motytelse		-703	-674
Sum inntekter		-703	-674
Netto utgiftsramme		47	0
Sum løn i høve sum utgifter		0,0 %	0,0 %

2. Aktivitet

Kommunane er pålagte å ha veterinærvakt i helgane.

Kvam og Jondal utgjer eit område saman med veterinærane har kommunane gjort ein avtale om korleis arbeidet skal gjerast. Ordninga vart starta opp i 2008 og tilskot kommunen får frå staten vert vidareformidla til Kvam Veterinærkontor. Ordninga har fungert godt.

3. Endring av aktivitetar

Aktiviteten vil vera den same i 2010.

Teneste 32910 Landbrukskontoret

1. Økonomi

Postar	R-07*	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)		1 026	806	-21,4 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>		768	587	-23,6 %
Varer og tenester til eigenproduksjon		99	54	-44,8 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon		0	4	
Overføringer til andre		9	18	97,2 %
Sum utgifter		1 133	881	-22,2 %
Salsinntekter		0	-30	#DIV/0!
Overføringer med krav til motytelse		-9	-25	174,1 %
Sum inntekter		-9	-55	508,3 %
Netto utgiftsramme		1 124	827	-26,5 %
Sum løn i høve sum utgifter		90,5 %	91,4 %	

*Merknad: Tidlegare ført på ei anna teneste

2. Aktivitet

Landbrukskontoret i Kvam har inntil no hatt to tilsette. For 5 år sidan var det 4 tilsette. Ein har no permisjon i eitt år. Kvam er den 5. største landbrukskommunen i Hordaland med 650 landbrukseigedomar og over 200 søkjarar om produksjonstillegg. I tillegg forvaltar kommunen ordningar som Regionalt miljøprogram, Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), og ulike ordningar innan skogbruket.

Kommunen har og ansvaret for å kontrollera og føra tilsyn med landbruket.

3. Endring av aktivitetar

Det vil verta sett i gang samtalar med dei andre kommunane i Hardanger om eit samarbeid når det gjeld landbruksforvaltninga i regionen.

Det vert budsjettert med to stillingar på landbrukskontoret i Kvam.

Det er og sett av kr. 200 000.- til kjøp av skogbrukstenester knytt til forvaltning av denne sektoren i eit evt. interkommunalt landbrukskontor.

Dersom desse samtalane ikkje når fram må det tilsetjast ny landbrukssjef dersom vedkomande som har permisjon sluttar.

Teneste 32920 Landbruksvikar

Overført til Landbrukstenesta Hordaland.

1. Økonomi.

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	380	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	285	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	37	0
Overføringar til andre	0	30	0
Sum utgifter	0	447	0
Salsinntekter	0	-267	0
Overføringer med krav til motytelse	0	-79	0
Sum inntekter	0	-346	0
Netto utgiftsramme	0	102	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	84,9 %	0,0 %

2. Aktivitet

Norske Landbrukstenester har overteke ansvaret for landbruksvikarordninga i Noreg. Her lokalt er det Landbrukstenester Hordaland i Øystese som har dette ansvaret. Dei administrerer 18 kommunar i Hordaland og har tilsett 8 landbruksvikarar.

Den lokale landbruksvikaren i Kvam er tilsett i Landbrukstenester Hordaland frå 01.01.2009 og Kvam herad har ikkje lenger noko ansvar for ordninga.

3. Endring av aktivitetar

Det vert ingen aktivitet på denne tenesta i 2010

Teneste 32930 Skogkultur

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	873	0	-100,0 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	241	0	-100,0 %
Varer og tenester til egenproduksjon	0	9	11	23,8 %
Overføringer til andre	0	80	6	-92,1 %
Sum utgifter	0	962	17	-98,2 %
Salsinntekter	0	-53	0	-100,0 %
Overføringer med krav til motytelse	0	-10	-47	351,2 %
Sum inntekter	0	-64	-47	-25,6 %
Netto utgiftsramme	0	898	-30	-103,3 %
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	90,8 %	0,0 %	

2. Aktivitet

Aktiviteten innan skogkultur er ein 20% stilling. Dette inneber at det vert utført arbeid i om lag 40 dagar ute hjå skogbrukarar og arbeidet som vert utført er ulike skogkulturoppdrag. Arbeidet skjer i perioden desember – februar. Resten av året er han i parkvesenet. Skogbrukarane får tilskot til dette arbeidet så tenesta skal gå om lag i balanse for kommunen.

3. Endring av aktivitetar

Aktiviteten innan skogkultur og skogforvaltning er altfor låg i Kvam. Gjennom samtalane med dei andre Hardangerkommunane er målet å få på plass ei ordning med skogforvaltning som og stettar trongen i Kvam.

Funksjon 360 Naturforvaltning og friluftsliv

Funksjonen har 8 tenester;

- 36000 Utmark og reiseliv
- 36010 Naturforvaltning
- 36020 Viltforvaltning
- 36025 Forvaltning etter villtlova
- 36030 Drift og tilsyn av friluftsområde
- 36032 Vedlikehold av friluftsområde
- 36033 Nybygg og utvikling av friluftsområde
- 36035 Reinhold av friluftsområde.

Teneste 36000 Utmark og reiseliv

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	231	327	15	41,6 %	-95,4 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	170	246	10	44,8 %	-95,8 %
Varer og tenester til egenproduksjon	13	73	41	476,3 %	-44,2 %
Overføringer til andre	12	41	21	242,1 %	-49,5 %
Finansutgifter	0	0	58		
Sum utgifter	256	441	134	72,5 %	-69,6 %
Overføringer med krav til motytelse	-2	-11	-21	455,5 %	90,8 %
Finansinntekter	-10	0	0	-100,0 %	
Sum inntekter	-12	-11	-21	-8,5 %	90,8 %
Netto utgiftsramme	244	430	113	76,5 %	-73,7 %
Sum løn i høve sum utgifter	90,4 %	74,2 %	11,3 %		

2. Aktivitet

Kvam herad hadde 50% stilling med reiseliv og utmark, men stillinga vart overført til eigedomsskatteprosjektet. Personen som no har stillinga, har sagt opp stillinga si i Kvam herad og sluttar 30. november.

3. Endring av aktivitetar

Tilskotet til Kvam reiselivslag vert vidareført med kr. 180 000.- For denne summen må dei driva turistinformasjonar og halda seg med sekretær sjølve.

Teneste 36020 Viltforvaltning

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	17	253	210	1377,9 %	-17,1 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	166	156		-5,8 %
Varer og tenester til egenproduksjon	130	19	19	-85,2 %	0,1 %
Tenester som erstattar egenproduksjon	0	0	0		
Overføringer til andre	106	164	52	55,2 %	-68,0 %
Finansutgifter	107	124	72	16,6 %	-42,1 %
Sum utgifter	359	560	353	56,0 %	-37,0 %
Salsinntekter	-103	-104	-72	1,7 %	-30,9 %
Overføringer med krav til motytelse	-21	-23	-3	7,3 %	-88,5 %
Overføringer uten krav til motytelse	-4			-100,0 %	
Finansinntekter	-117	-93	-50	-20,5 %	-46,4 %
Sum inntekter	-245	-220	-125	-10,1 %	-43,4 %
Netto utgiftsramme	114	340	229	197,8 %	-32,8 %
Sum løn i høve sum utgifter	4,8 %	45,1 %	59,3 %		

2. Aktivitet

Kvam herad har hatt ein 50 % stilling knytt til viltforvaltninga i kommunen. Dette arbeidet gjeld alt som har med hjort, småvilt, skadedyr, påkøyrslar, innlandsfiske osv. Viltnemda er no lagt ned og arbeidet deira vert utført administrativt. Det er oppretta eit hjorteutval som kjem med råd når det gjeld hjorteforvaltninga.

Arbeidet med viltfondet og fiskefondet ligg og under denne tenesta.

4. Endring av aktivitetar

For 2010 er det ynskjeleg med kr. 200 000.- til kjøp av tenester i eit evt. interkommunalt kontor.

Teneste 36030 Drift og tilsyn av friluftsområde

Teneste 36032 Vedlikehald av friluftsområde

Teneste 36033 Nybygg og utvikling av friluftsområde

Teneste 36035 Reinhald av friluftsområde

Sjå eige FDV - dokument